

Standard for kjøring:

Styret vedtok sist vår nye retningslinjer for betaling av kjøring til kamp:

- 1) **Satsane skal vere dei same** for kjøring privat og med buss, og for alle grupper. Dei skal spegle drivstoffbruk, kostnader til ferjer, bompengar og parkering. Men og verditap, forsikring og reperasjonar som følgjer bruk og slitasje av køyretøyet.
- 2) Satsane er baserte på å dekke **reelle kostnader** (medrekna verditap og slitasje på køyretøyet.)

Takstsoner: Spelarane skal betale etter definerte takstsoner.

Pris	Soner	km tur/retur
400 kr	Bergensområdet	460-500 km t/r
350 kr	Årdal, Vik, Aurland	420- 450 km
300 kr	Stryn, Gaupne, Åheim og Leikanger	350-380 km
250 kr	Innvik, Måløy, Eid, Sandane, Høyanger og Sogndal	244-322 km
150 kr	Dale, Gaular, Askvoll, Jølster og Bremanger	150-200 km
100 kr	Førde	114 km
50 kr	Eikefjord	50 km

- 3) **Reiseleiar** for turen har ansvar for å ta inn pengar, og eventuelt fordele dei jamt på alle sjåførane. Pengane kan takast frå lagets reisekasse eller samlast inn frå kvar enkelt spelar før reisa.

*Nokre **andre retningslinjer** for kjøring, vedtekne av styret, handballforbundet eller norsk idrett:*

Sjåfør som køyrer lag til bortekampar bør vere **minst 23 år** og hatt sertifikat i minimum 5 år. Sjåføren som køyrer bussen må minimum ha førerkort klasse D1 og sjåførkort til ferdsskrivar.

- A) **Alle lag** som må køyre til bortekampar skal ha **ein reiseleiar**. Reiseleiaren (ofte kalla lagleiar/oppmann) skal ordne det praktiske på reisa, men har og eit særleg ansvar for trivselen til alle som er med på turen. Reiseleiaren samarbeider med trenerteamet og hjelper til der det trengst.

B) **Ved overnatting** må minst ein person av **same kjønn** som spelarane vere representert i leiar-teamet.

Nokre særreglar som gjeld **bussen**:

- 1) Takst for buss er 12 x takst per person. Dersom gruppa er fleire så går det overskytande til deira lagkasse.
- 2) **Alle i gruppa** skal reise med bussen og berre unntaksvis reise til kamp på annan måte.
- 3) **Lange reiser** har prioritet når bussen skal leigast ut.
- 4) Vi **reduserer satsen** til 7 kroner per km for ekstra lange reiser over 500 km.
- 5) Sats på **2000 kroner til sjåfør** som ikkje køyrer for eigne barn.
- 6) **Trenar og lagleiar** reiser gratis med bussen. Andre som er med betalar Standard-takst.
- 7) Ved **utleige til andre** enn lag i Florø SK Handball, nyttar vi 12 kr/km.
- 8) **Utleige til andre** bør ikkje komme i konflikt med Florø SK handballs behov.

ULIK PRAKSIS: Grunnen til at vi ønsker ein standard er erfaringa med **ulik praksis** for betaling og køyring ute i gruppene. Men og at bussen vår har vore lite i bruk. Dessutan forenkler det reisepraktis og deler kostnadene på alle i gruppa.

Mange vel å køyre privat bil utan å krevje betaling. Andre krev litt, men er usikre på kva standarden er. Nokre køyrer aldri eller betalar heller aldri. Gratis-passasjerar kan gjere det litt ubehageleg for sjåfør å krevje reise pengar.

Somme trur det vert billigare å køyre privat. Men då gløymer ein gjerne verditap på bilen, reperasjonar og forsikring. Vi kan gjerne og ta med mindre tryggleik og større klima-avtrykk.

Utgangspunktet for prisinga på bussen vår er 10 kr per km, at bussen skal gå i balanse og at fleire grupper brukar bussen vår. 10 kr/km er det same som vi måtte betale for leige av INC-bussen den tida bensinen kosta 12-13 kroner literen. Det er såleis ikkje dyrt. Vi minner gjerne og om andre grunnar for busskjøpet. Det bygger gode miljø når heile gruppa reiser i lag, og gjer det enklare å organisere og tryggare å fare på lengre turar.